

# Er den digitale skulen eit trugsmål mot nynorsken?

Av Arild Torvund Olsen, Nynorsksenteret

Spørsmålet eg fekk til innleiinga mi, var «er den digitale skulen eit trugsmål mot nynorsken?». Svaret er *ja ...* eller *nei*. Det spørst kva grep staten, kommunane, skulane, mållaget, Nynorsksenteret og lærarane tek. Det er ikkje tvil om at det er store utfordringar i dag, der me ser at elevane nokre stader stort sett berre får digitale læringsressursar på bokmål. Men det har vore store utfordringar knytte til papirbøker, òg. Me skal ikkje gløyma at det måtte store elevdemonstrasjonar til, både på 70-talet og 90-talet, for å sikra nynorskelevane retten til å få nynorske lærebøker til same tid og pris som læremidla på bokmål.

I denne innleiinga skal eg fyrst seia litt om stoda i dag. Korleis ser landskapet ut? Kva reglar er det som gjeld? Kva er utfordringane?

Deretter kjem eg til å seia litt om kva som kan og bør gjerast, og på kva nivå ting bør løysast, slik eg ser det.

## Korleis er stoda?

### 1 Opplæringslova og forskriftene

Opplæringslova me har i dag, slår fast at elevane har rett til læremiddel på ynskt målform. Skulen har ikkje lov til å ta i bruk læremiddel som ikkje ligg føre på bokmål og nynorsk til same tid. Forskrifta til opplæringslova slår fast at dei same krava gjeld for digitale læremiddel som for læremiddel på papir.

Det høyrer jo bra ut, ikkje sant?

Men det er fleire store utfordringar her. Ei utfordring er at slikt som av og til vert kalla kontorstøtteprogram, til dømes skriveprogramma elevane nyttar, ikkje er inkludert i kravet om nynorskutgåve. Det finst heller ingen krav om at elevane skal ha fungerande nynorske stavekontrollar i skriveprogrammet sitt. Og det er høgst uklåre grenser mellom kva som er læremiddel, som altso er inkludert i kravet om nynorskutgåver, og kva som er læringsressursar, som ikkje har noko slikt krav knytt til seg. Forskrifta seier:

Kravet om språklege parallellutgåver gjeld for læremiddel som skal brukast regelmessig i opplæringa og dekkjer vesentlege delar av kompetansemåla eller er viktig for dei grunnleggjande ferdigheitene i læreplanen for fag i Læreplanverket for Kunnskapsløftet. Med regelmessig meiner ein at læremiddelet blir brukt fast, over ei lengre periode eller jamleg. Når det er tvil om eit læremiddel dekkjer vesentlege delar av læreplanen i fag, skal skuleeigar vurdere saka konkret.

Her er det nok av atterhald. Med andre ord: Dersom skuleeigar ikkje har medvit, vilje eller evne til å få noko i nynorskutgåve, finst det store smetthol for å definera den aktuelle ressursen om frå læremiddel til læringsressurs. Og vips, so treng ikkje ressursen å koma på nynorsk. Det er òg eit problem at lova og forskriftene flyttar alt ansvaret over på skuleeigar, og at det til og med er skuleeigar som skal definera om det dei sjølve gjer, er innanfor lova eller ikkje. Og det fører oss til punkt 2:



*Det måtte store elevdemonstrasjonar til for å sikra nynorskelevane retten til nynorske lærebøker.*

## 2 Stoda ute i skulane

Skuleeigarane, som då i hovudsak er norske kommunar, har fått eit ansvar dei i stor grad manglar økonomisk og fagleg tyngd til å ta. Mange gjer innkjøp av digitale ressursar utan å tenkja over det språklege før det er for seint. Og so lenge programvareutviklarane veit at nynorsk kommunane kjøper programvara deira sjølv om ho berre finst på bokmål, hamnar nynorskutgåver langt ned på prioriteringslista.


I ei spørjegransking tidleg i 2020 undersøkte Framtida.no korleis den digitale kvardagen i grunnskular med nynorske elevar er. 80 prosent av barneskulelærarane svara at skulen hadde kjøpt anten Chromebook eller iPad til elevane. I motsetnad til PC-ar med Windows, har ikkje Chromebook eller iPad tilbod om grensesnitt på nynorsk. iPad har no nyleg fått på plass ein enkel, avgrensa nynorsk stavekontroll, men har ikkje nynorsk stavekontroll i Word. Den nynorske stavekontrollen i systema til Google, som er dei som vert nytta på Chromebook, er totalt ubrukeleg, og gjev raude strekar under rette ord og manglande raude strekar under ting som er feil. Sist eg testa ut den stavekontrollen, fekk eg i snitt over tretti raude strekar per side i det som var ein heilt korrekt nynorsk tekst. Då er ikkje stavekontrollen mykje til hjelp. Og det her er verktøyet elevane og lærarane skal nytta til å læra elevane skriving på nynorsk.

Eit anna spørsmål i den same granskinga var «kor ofte bruker klassen din digitale ressursar på bokmål, som du kunne ønskt var på nynorsk?», og svara såg slik ut:

- **Nesten kvar time: 6 %**
- **Kvar dag: 28 %**
- **2-4 gonger i veka: 34 %**
- **1 gong i veka: 14 %**
- **Kvar månad: 13 %**
- **Sjeldan: 4 %**
- **Aldri: 2 %**

Her ser me at over fire av fem lærarar må nytta digitale ressursar på bokmål som dei skulle ynskt var på nynorsk, kvar veke eller oftare.

Og so ser me òg i granskinga at det ikkje er nok at eit program *finst* på nynorsk. Skulane og lærarane må nemleg passa på at det faktisk er nynorskutgåva elevane får på maskina *si*.



Som me ser i denne grafen her (henta frå Framtida.no), er det slik at under ein av fem av lærarane synest det er lett å halda kontroll på at elevane har fått rette språkinnstillingar på maskinene sine.

Med den nye situasjonen med digitale læremiddel er det mange som har fått eit språkleg ansvar dei tidlegare ikkje har hatt, utan at dei har fått noka særskild informasjon om eller opplæring til å ta det ansvaret. Mange lærarar er vande med at læremidla kjem til dei på nynorsk – slik har det vore med læremiddel på papir, og ein del lærarar tenkjer difor at slik er det vel no òg. Eg kjenner fleire tilfelle der lærarane veit at kommunen har kjøpt eit digitalt læremiddel som finst på nynorsk, og difor trur at då kjem det læremiddelet på nynorsk til elevane. Og so har lærarane langt ut i skuleåret vorte sjokkerte når dei oppdagar at læremiddelet heile tida har vore innstilt på bokmål på elevmaskinene. Ein del som skulle vore løyst av IT-avdelingane i kommunen, vert overlate til lærarane (utan at lærarane alltid veit at dei har det ansvaret). Ein del som skulle vore løyst av lærarane, vert overlate til elevane (utan at elevane veit at *det* er noko *dei* skulle passa på). I det heile er det mykje uvisse, og me på Nynorsksenteret har difor laga ei lita sjekkliste eller hugseliste for kommunar og skular.

På adressa [nynorsksenteret.no/digitale](https://nynorsksenteret.no/digitale) finn de sjekklista og mange oppskrifter på korleis ein stiller inn Windows, Office-pakken, tastaturet på iPad og slikt for å få det på nynorsk.

Ei siste utfordring for nynorsken i den digitale skulen, og som kjem til å verta meir aktuell frametter, er å få på plass nynorsk taleattkjenning og talesyntese. Funksjonar for å diktera tekst finst alt i Word, men ikkje på nynorsk.

Det er med andre ord nok å ta tak i. Men ikkje alt er svart. Nynorsk tastatur, og med det nynorsk stavekontroll, kom nett på plass på iPad. Og Windows og dei store programma frå Microsoft, til dømes Word, Excel og Teams, finst på nynorsk. Og det siste er eit godt døme på at samla innsats nyttar. Noko som fører meg til ...

## Kva kan gjerast?

Slik eg ser det, er arbeidet med digitale læremiddel på nynorsk truleg det viktigaste målarbeidet me kan gjera i åra frametter. Og det er veldig mykje som kan og bør gjerast på ulike nivå. Når eg i denne opprømsinga seier «me», meiner eg alle som bryr seg om nynorsken. Her må det breie samarbeid til.

- Me må leggja press på utviklarane som lagar programvare og digitale læremiddel. Her treng ein press både på kommunalt nivå i samband med innkjøp, men òg på fylkesnivå og statleg nivå. Eit nyleg døme var ordføraroppøpet retta mot Google, som kom til i eit samarbeid mellom lokale mållag på Sunnmøre, Nynorsksenteret, LNK, Noregs Mållag og Nynorsk kultursentrum. Eit slikt oppøp er i seg sjølv ikkje nok til å få Google til å koma med nynorske utgåver av utdanningssystema sine, men oppøpet har skapt meir medvit om problemstillinga i kommunane til dei 108 ordførarane som skreiv under, og det har fått Google til å skjønna at her er det eit krav som veks i kundemassen deira.
- Men me må òg hjelpa utviklarane. Til dømes å arbeida for stønadsordningar for utvikling av nynorskutgåver av digitale læremiddel, men òg stønadsordningar for nynorskutgåver av læringsressursar og programvare som ikkje er lovfesta at må koma på nynorsk, men som det er bra for nynorskelevane at kjem på nynorsk likevel. Og so bør me arbeida for at staten, og då særleg Språkbanken i Nasjonalbiblioteket, held fram med å leggja til rette og dela slikt som til dømes uttaleordlister og anna som er dyrt og omfattande å laga, og som trengst i arbeidet med å utvikla nynorsk taleattkjenning.
- Me må skapa lokalt medvit i kommunane. Det handlar både om å informera skular og skuleeigarar om kva som finst på nynorsk. Men ikkje minst handlar det om å skapa meir medvit og bruk av nynorsk forbrukarmakt i innkjøpsfasen. At so mange nynorskkommunar har kjøpt inn Chromebook, eit system som ikkje eingong har fungerande nynorsk stavekontroll tilgjengeleg, har vel ikkje akkurat vore eit gjennomtenkt sjakktrekk. Nasjonale aksjonar som t.d. ordføraroppøpet kan vera viktige for å skapa eit slikt medvit i kommunane, men her er det òg mykje som kan gjerast lokalt.
- Me må arbeida for å få betre kontroll, til dømes at statsforvaltaren eller Språkrådet får eit oppdrag om å kontrollera at skuleeigarane fylgjer opplæringslova og gjev elevane nynorske læremiddel. Det bør ikkje vera opp til kommunane sjølve å definera om dei gjer ein god nok jobb med å sikra elevane nynorske læremiddel og læringsressursar.
- Og til slutt: Me må kjempa for å få på plass ei betre opplæringslov. Det her er det aller viktigaste nett no. Me treng ei opplæringslov som er tydelegare i krava til kva som er definert som læremiddel, og som difor må koma på nynorsk, slik at ikkje det vert mogleg å sno seg unna på grunn av uklåre lovformuleringar. Og so treng me ei opplæringslov som er oppdatert nok til at ho ikkje berre kjem med krav til at elevane skal ha språkrådsgodkjende ordlister, men at dei faktisk skal ha språkrådsgodkjend stavekontroll. Og me treng ei opplæringslov som har krav om at skriveprogramma og andre kontorstøtteprogram som vert nytta i skulen, er på nynorsk.

Kunnskaps- og integreringsminister Guri Melby skreiv nyleg «Det er ikkje vanskeleg å vere samd i intensjonen bak eit forslag om at kravet om parallelle utgåver på bokmål og nynorsk også må gjelde digitale verktøy som kontorstøtteprogram, operativsystem og liknande som vert nytta i skolen. Samtidig kan eit slikt absolutt krav til kontorstøtteprogram i skolen være utfordrande i praksis. Utvalet peiker mellom anna på at eit slikt krav kunne føre med seg en del praktiske utfordringar der kommunen eller fylkeskommunen ønskjer å bruke mest mogleg like kontorstøtteprogram i hele verksemda.»

Utvalet som har sett på opplæringslova, og som Melby syner til, snur her prosessen på hovudet. Ein kan ikkje tilpassa lova etter kva som finst, når heile poenget med lova er å sikra at noko som ikkje finst, skal koma på plass. Dersom målet er å få nynorske skriveprogram og operativsystem, vil dessutan det å ynska seg like program i heile kommunen eller fylkeskommunen vera *til hjelp* med å få på plass nynorskutgåver, av di ein då snakkar om store nok innkjøp til at ein faktisk kan stilla økonomisk makt bak språklege krav til leverandøren.

Eit slikt krav som Melby viser til, der kontorstøtteprogram som t.d. Word må koma på nynorsk, har faktisk vore inne i opplæringslova før, frå 2006 til 2010. Det var ikkje av di det då fanst mange slike program på nynorsk, at det kravet kom inn i lova, men derimot motsett. Før det vart klart at det nynorskkravet kom til å koma inn i lova, gjekk Microsoft ut og sa at det var uaktuelt med nynorske utgåver av Word, Excel og Windows. Det ville vera altfor dyrt å utvikla det, sa dei. Men takk vere stort press frå alle delar av målørsla, med alt frå organisering av ordføraroppøp og lobbyverksemd til store elevdemonstrasjonar organiserte av Norsk Målungdom i samarbeid med Elevorganisasjonen, kom kravet om nynorske kontorstøtteprogram inn i lova, eller rettare sagt forskrifta til lova, og plutseleg hadde Microsoft råd til å koma med nynorskutgåver likevel, av di dei skjønna at lova var i ferd med å verta endra. At me i dag kan ha Teams, Windows og Word på nynorsk, er eit direkte resultat av kravet som stod i forskrifta til opplæringslova. Aksjonane tidleg på 2000-talet viser at det nyttar, dersom ein arbeider breitt med feltet. Og dei viser kor viktig opplæringslova er i dette spørsmålet. Det er lærdomar me må ta med oss vidare.

Me som er glade i nynorsken, har alle ein kjempejobb framom oss, men det har gått før, og me skal få det til igjen. Takk for meg!

Norsk Målungdom og Elevorganisasjonen

# STREIK

## FOR LIK RETT TIL UTDANNING



### 28. september streikar me for nynorske dataprogram

Ver med AFSRIS (Aksjon for språkleg rettferd i skulen) i arbeidet for programvare på nynorsk! Få skulen din til å streika 28. september – og skriv under på oppropet for nynorsk programvare på <http://www.nynorsk.no/nynorskdata/>

Norsk Målungdom Tlf: 22 42 63 00 Faks: 22 42 63 01 Heimeside: [www.nynorsk.no/nmu/](http://www.nynorsk.no/nmu/) E-post: [nmu@nynorsk.no](mailto:nmu@nynorsk.no)  
Elevorganisasjonen Tlf: 23 15 95 00 Faks: 23 15 95 01 Heimeside: [www.elev.no](http://www.elev.no) E-post: [elev@elev.no](mailto:elev@elev.no)